

Eit nytt fellesskap

A begynne i barnehagen betyr nye og viktige relasjonar for barnet ditt. Barnet skal no knytte seg til nye vaksne og barn i barnehagen. Dette er ei spennande tid for barnet ditt. Dei barna som er fødde i same året vil gjerne følgje kvarandre gjennom heile oppveksten. Kanskje vert dei avgangselevar og russ i den vidaregåande skulen? Saman skal du og dei andre foreldra følgje barna gjennom innhaldsrike år i barnehagen, og gi støtte gjennom skuletida. Å satse på eit godt samhald mellom deg og dei andre foreldra, er ei nyttig investering for det fellesskapet barnet ditt skal vekse opp i. Vaksne som kjenner kvarandre og trivst i lag, skapar eit godt og trygt miljø for barnet. Felles opplevingar mellom barn og foreldre i same kull er med på å styrke kvart barn.

Forslag til aktivitetar:

- Hels på og prat med andre foreldre.
- Sei hei til barn som barnet ditt kjenner i barnehagen.
- Lag gruppe, til dømes på Facebook, for foreldra på same kull. Grappa kan nyttast til å komme med forslag om felles aktivitet.
- Gå på felles trilletur.
- Leik saman i barnehagen eller i nærmiljøet på fritida.

Vere saman



Illustrasjon av Malene, 1.klasse

